



REFERAT FRÅ MØTE I DET KOMMUNALE FORELDREUTVALET FOR  
GRUNNSKULEN (KFUG), 27.11.14

<b>Dok. ref.:</b>	12/294-48/K2-A12//ØST	<b>Møtedato/Tid:</b>	27.11.14 Kl.19.00 -21.00
<b>Stad:</b>	Øygarden Rådhus Møterom: Rongesundet	<b>Møtenr.:</b>	06/14
<b>Referent:</b>	Øyvind Strandheim		
<b>Tilstade:</b>	Toftøy skule Toftøy skule Blomvåg skule Blomvåg skule Alvheim og Bakken skule	Leif Gunnar Vik Wegard Kristensen Silvia Haugland Randi Dale Harkestad May Britt Heggholmen	
<b>Forfall:</b>	Rong skule Rong skule Alvheim og Bakken skule Øygarden ungdomsskule Øygarden ungdomsskule	Bernhard Eriksen Elin Andersen John Steffen Ervik Espen Harkestad Reidar Johannesen	

Rektorar som møte: Frank Hop, Linda Blomvågnes, Grethe Hatten  
Rektorar meldt forfall: Stein Vidar Risløw, Arne Petter Solberg

**Adresseliste:**

SKULE	Leiar	Nestleiar
Toftøy skule	Leif Gunnar Vik <a href="mailto:Igun-vik@online.no">Igun-vik@online.no</a> 948 10 746	Wegard Kristensen <a href="mailto:Wegard.kristensen@spv.no">Wegard.kristensen@spv.no</a> 415 20 952
Rong skule	Bernhard Eriksen <a href="mailto:bern@statoil.com">bern@statoil.com</a> Pålsneset 5337 RONG 913 92 457	Elin Andersen <a href="mailto:Elinmyhr.76@gmail.com">Elinmyhr.76@gmail.com</a> 473 26 463
Blomvåg skule	Silvia Haugland <a href="mailto:Silvia.Haugland2@oygarden.kommune.no">Silvia.Haugland2@oygarden.kommune.no</a>	Randi Dale Harkestad <a href="mailto:Randi.Harkestad@oygarden.kommune.no">Randi.Harkestad@oygarden.kommune.no</a>
Alvheim og Bakken skule	May Britt Heggholmen <a href="mailto:May.britt@vestkystbygg.no">May.britt@vestkystbygg.no</a> 926 45 146	John Steffen Ervik <a href="mailto:John.ervik@oygarden.kommune.no">John.ervik@oygarden.kommune.no</a> 997 99 522
Øygarden ungdomsskule	Espen Harkestad <a href="mailto:espen@obe.as">espen@obe.as</a> mob:92898866	Reidar Johannesen <a href="mailto:Rkjoh1967@gmail.com">Rkjoh1967@gmail.com</a> Mob:93491210

**SAKLISTE:**

Sak. nr	Tema
25/14	<b>Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte, 25.09.14</b> <b>Godkjenning av innkalling til møte, 27.11.14</b>  <b>Konklusjon:</b> Referat frå møte, 25.09.14 vart gjennomgått og godkjent. Innkalling til møte,27.11.14, vart og godkjent

26/14	<p><b>Status for skulene (max 15 min til saman)</b></p> <p><b>Toftøy skule</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Toftøy skule har dei siste åra avslutta med eit stort arrangement i Kulturhuset. Dette vert ikkje gjennomført i år. FAU og rektor/skulen jobbar for å finna kva nivå/struktur/system juleavslutninga bør innehalda. Resultatet av samarbeidet vert presentert i desember 2015.</li> <li>• Småtrinnet held juleavslutning 12.12 (08.30)</li> <li>• Mellomtrinnet held juleavslutning 01.12</li> <li>• FAU er sterkt involvert i utviklinga av utearealet ved Toftøy skule, i skogområdet aust om skulen</li> <li>• FAU og rektor har drøfta resultata for nasjonale prøver og elevundersøkingar slik det går fram av Tilstandsrapporten for 2014</li> <li>• FAU/ Skulen går til innkjøp av lydanlegg</li> <li>• FAU sluttar seg til skuleruta for 2015/16</li> </ul> <p><b>Blomvåg skule</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• To FAU møte i haust med val av nye representantar i FAU</li> <li>• Gjennomføring av den tradisjonelle skidagen er tema til drøfting</li> <li>• FAU si oppfølging av Thomas Nordahl er gjennomført (tre punkt)</li> <li>• FAU har drøfta skuleruta for 2015/16, der Blomvåg avvik på enkelte punkt</li> </ul> <p><b>Alvheim og Bakken skule</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tre FAU møte i haust – FAU har fått god struktur</li> <li>• Felles juleavslutning for Alvheim og Bakken i Hjelme kyrkje med julespel av C.Dickens. Stort løft for skulane</li> <li>• Godt miljø på skulen</li> <li>• Rektor er sjukemeld og inspektør er vikar</li> <li>• Arbeider med Lavvo. Skulle gjerne hatt gode teikningar?</li> </ul>
27/14	<p><b>Status frå administrasjonen (max 10 min)</b></p> <p>Informasjon om <b>forslag frå rådmannen</b> til budsjett for 2015, til behandling i kommunestyret 10.12:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Sluttfinansiering av Tjeldstø skule</li> <li>Brakkebygg Rong skule</li> <li>Skifting av tak Toftøy skule</li> <li>Ferdigstilling uteområde Rong skule</li> <li>Midlar til uteområde Toftøy skule</li> </ul>

	<p>Kr.500 000 årleg til oppjustering av leikeapparat i barnehagar og skular</p> <p>Sak om ny barnehagestruktur til behandling 10.12</p> <p>Avklaring om ny kommunalsjef i månadsskiftet nov/des</p> <p>Tjeldstø skule er i rute. Står ferdig i juni månad, og er innflyttingsklar august 2015</p>
<p><b>28/14</b></p>	<p><b>Thomas Nordahl</b>  <b>Oppfølging av foreldreforedrag i Øygarden Kulturhus, 18.02.14</b></p> <p><b>KFUG, 27.03:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• KFUG tar utgangspunkt i dei fire siste lysarka i foredraget til T.N. (sjå under)</li> <li>• KFUG ber kvar skule i lag med FAU setja av tid mellom 22.april og 12.mai slik at foreldra (klassevis) kan drøfta (i grupper) råda frå T.N.</li> <li>• Foreldrekontakten, eller ein annan frå FAU på skulen, formidlar bakgrunn for møtet og innhaldet i lysarka til foreldra i kvar klasse</li> <li>• Foreldrekontakten sender over det foreldre vil prioritera/forplikta seg til</li> <li>• FAU-representanten tar med seg dei samla klassevise innspela til neste møte i KFUG, 15.05</li> <li>• KFUG ønskjer å finna fram til felles område der foreldra kan hjelpa elevane i øygaardsskulen.</li> <li>• KFUG ser innhaldet i dei fire lysarka så vesentlege at dei vert tema på skulane også neste skuleår</li> </ul> <p><b>KFUG 15.05:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er vanskeleg å gjennomføra prosessen med foreldra på kvar skule utan ein god plan/prosess for gjennomføring</li> <li>• Milepelar – mål</li> <li>• Fast tema hausten 2014 i KFUG</li> <li>• Det er viktig at FAU/foreldre løftar prosjektet fram. Skulen ved rektor legg til rette</li> <li>• Første møte til hausten grip tak i gjennomføringa</li> <li>• KFUG vil etterspørja kva FAU og skulane gjer</li> <li>• KFUG eig prosjektet</li> <li>• God planlegging saman med foreldrekontaktane er nødvendig</li> </ul> <p><b>Konklusjon:</b>  Leif Gunnar Vik lagar skisse til prosess/gjennomføring utifrå punkt 1 til 7 og kulepunkta over og sender til møteleiar før sommarferien.</p> <p><b>KFUG 29.09:</b>  Leif Gunnar Vik presenterte skisse til prosess/gjennomføring utifrå konklusjonane i møte 27.03 og 15.05</p> <p><b>Konklusjon:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. KFUG sluttar seg til forslag til prosess slik dei vart presentert i notatet «Aktive foreldre i Øygaardsskulen»</li> <li>1. KFUG ser det som avgjerande at skulen og foreldra arbeider parallelt med sine satsingar, som er valde frå lysarka som Thomas Nordahl presenterte i Kulturhuset 18.02.14.</li> <li>2. FAU på kvar skule velgjer innan utgangen av oktober, 2-3 punkt i lysarka «Foreldre i skulen»</li> <li>3. Dei utvalde punkta vert presenterte i klasseforeldremøte innan 15.11</li> <li>4. KFUG inviterer til møte mellom KFUG og rektorane, torsdag 27.11, kl.19.00 -21.00 i Rådhuset, for å presentera foreldra sine satsingsområde på kvar skule. KFUG ber også rektorane presentera skulen sine satsingsområde</li> </ol>

	<p>5. KFUG og rektorane drøftar 27.11. på kva måte og kor lenge ein kan/bør vedlikehalda trykket på desse satsingsområda</p> <p><b>KFUG 27.11</b>  Skulane i Øygarden v/ rektor Frank Hop, presenterte felles dokument «Klasseleiing og lærarkompetanse ved øygaardsskulane» til forpliktande oppfølging av Thomas Nordahl (vedlegg)</p> <p>FAU presenterte satsingsområde frå kvar skule (vedlegg)</p> <p>Konklusjonar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Skulane gjennomfører frå 01.01.15 fellessatsinga. Det vert ei oppgåve i rektormøta frametter å finna felles måte å etterspørje og evaluera gjennomføringa.</li> <li>2. FAU ønskjer å drøfta om foreldra kan/bør ha nokre fellespunkt og nokre lokale punkt til oppfølging</li> <li>3. FAU må senda sine punkt til kommunalsjef slik at desse kan formidlast til kvar skule</li> </ol>
29/14	<p><b>KFUG-vedtekter</b></p> <p><b>Oppfølging:</b>  Det vart delt ut døme på vedtekter for KFUG frå kommunane, Nes, Drammen og Arendal. Heimelekse til nest møte i KFUG: les gjennom vedtektene som vert tema i neste møte, 12.02.15.</p>
30/14	<p><b>Teieplikt</b></p> <p><b>Oppfølging:</b>  1. Medlemmar i KFUG skriv under skjema «Teieplikt» (lagt fram i møtet)</p>
31/14	<p><b>Elevar som skadar Utstyr/ eigedom</b></p> <p><b>Konklusjon</b>  1. Skade på utstyr og eigedom er det lite av i barneskulane. Det er viktig at leiinga ved skulen behandlar episodar smidig og raust.</p>
32/14	<p><b>«De utrolige årene» - Dinoskulen</b></p> <p><b>Konklusjon</b>  Martha Landro frå Familiens hus er invitert til å orientera om Dinoskulen i KFUG møte 12.02., 15. kl.19.00.</p>
33/14	<p><b>KFUG –uttale til KLEV-sak 061/14 –JULISTENGT SKULEFRITIDSORDNING</b></p> <p>KFUG sluttar seg til innstillinga frå rådmannen og med slikt tillegg: <i>I veker med mindre enn fem påmeldte, opphører ordninga. Grunngevinga for dette er barneperspektivet. Det er viktig å informera foreldra så tidleg som råd når opningstidene er klarlagt.</i></p>
34/14	<p><b>KFUG-uttale til KLEV-sak om SKULERUTA 2015/16</b></p> <p><i>KFUG sluttar seg til innstillinga frå rådmannen</i></p>

